

# Økologisk frukt

## Rådgjevingsmelding nr. 8 2023




### Utvikling

Det sydlege været har blitt skifta ut med vekslande klima med regnbyer og enkelte soldagar. Tørkeproblematikken er nok mindre viktig framover, men følg likevel med på vassbehovet. Det er godt voksevær med temperaturar oppimot 20 grader og rikeleg med vasstilgang i nedbøren. Kjernefruktene er i cellestrekkingfasen og tilveksten er god. For felt med lite regn før i sommar kan ein oppleve at gjødsla plutselig er plantetilgjengelag. For nitrogen er det ikkje ønskja med alt for mykje no framover, sidan me ønskjer vekstavslutning no i juli. Ikkje gi meir nitrogen før etter hausting. Kalium derimot er bra å få nok av i cellestrekkinga. Ta kontakt med rådgivar for justering av gjødslinga.



Aroma med full pott under pollineringen.



Jubileum etter tynning. Det kan godt være større avstand mellom plommene.

For plommene sin del er kartfallet over, så håpar me at tynningsarbeidet også er godt i gang. Det er varierande fruktsetjing; alt frå drueklasar til for lite. Spesielt variabelt avlingsnivå kan ein nemne at 'Opal' og 'Reeves' har på Austlandet. 'Opal' kan fort bli vekselbærande og felt med stor avling i fjoråret har mindre i år. I epla er det varierande fruktsetjing. I nokre sortar er det stort kartfall på Austlandet i forhold slik det såg ut etter blomstring. Spesielt gjeld dette 'Aroma' og 'Discovery'. Enkelte felt treng lite handtynning, men om det er midtkarten som sit igjen kan det lett blir store 'Aroma'-eple til hausten.

## Gjødsling og vatning

Patentkali kan være aktuelt på lette jordartar og for å gi ekstra med kaliumgjødsel for å auke eplestorleiken. Ta kontakt med rådgivar i NLR.

## Ugras



Fortsett å holde ugraset nede. Rotlausveka til høymole og andre artar i syrefamilien er her no. Hald ugraset nede, så blir det mindre gøymplassar for jordrotter og enkelte skadedyr som syreveps.

*Bildet viser høymole som var relativt grei å få opp. Det krevst litt kraft for å få dei opp, men det er ikke umogeleg å rive opp planta med røtene.*

## Kjernefrukt

Vi ser no lett skadane som har vorte av larver tidlegare i sesongen. Utvendig gnagskade blir ofte «reparert» av karten og det blir ei forkorking i skalet. Skal fruktene til konsum må denne korkinga være svært små på epla om dei skal gå gjennom nålauget. Derimot til eplepressing er epla like gode. Larveartar (sjå avsnitt under) som går inn i fruktkjøttet er derimot ikkje særleg ettertrakta i jusen heller.

## Eblespinnmøll

Eblespinnmøll dukkar ofte opp i økologiske felt. Det blir ikkje rekna som nokon stor skadegjerar, sidan dei berre et på bladverket. Men stundom et dei litt på karten òg, og grisar til rundt seg med avføring som kan virke lite appetittleg om det heng på fram til innhaustinga. Eit tiltak *tidlegare i sesongen* kan vere å fjerne dei for hand eller bruke ein fakkil til brenne spinnet bort. Larvene er no stort sett borte og ein kan sjå dei som kvite, svartprikka, sommarfuglar i trea. Dei vaksne møllene parar seg og legg egg som klekker neste år på våren. Bekjemping er då Turex, om vi har det godkjent i 2024.



*Aroma-tre som var svak i tilveksten har fått kraftig reduksjon i bladmasse grunna ebleblomstmøllen.*



*Tilgrising og masse spinn ligg igjen etter larvene.*

## Larver i fruktene

Vi har ulike larver som gjer skade, men me forventar ikkje store angrep av rognebærmøll i år. Derimot ser ein skade av liten fruktviklar. Denne larva svermar tidleg og går inn i karten etter blomstring. Gangen den lagar er tynn og tørr. Epleviklaren sin gang i eplet er derimot stor og tilgrisa av ekskrement. Epleviklaren held dessutan på i ein lang periode frå midten av juni fram mot hausting. Larvene klekkjer til ulik tid og ein kan finne ulike storleikar på dei framover hausten.

## Epleviklar

Dei felta som tidlegare år har hatt mykje epleviklarskade bør ha hengt opp feromonforvirring (Isomate CLS) på våren. I tillegg kan det vere ein fordel å få til ei eller to behandlingar med Madex Top. Første behandlingstidspunkt med Madex Top var ved starten av eggklekkinga i midten av juni og andre burde vore på eggklekketoppen i slutten av juni. Er ein plaga av epleviklar bør ein også ta ein tredje runde denne veka.



Tidleg larvegnag blir til korkskade i skalet.



Epleviklar i kartan denne veka.  
Larven er kanskje eit par veker gammal.



Raud eplebladlus lagar små «knerteple». Normal storlek fremst i bilde.

## Bladlus

Det er bladlus å finne i felt, men for raud eplebladlus har skaden alt skjedd. Det har vorte laga små knerteple av suginga til lusa (sjå biletet). Dei røde eplebladlusa går no over til sommarverten [Smalkjempe](#). Redusert skotvekst ved endeknoppdanning vil hindre meir oppformering i epletrea.


På nyplanting må ein prøve å holde grøne eplebladlus borte. Olje/såpe har liten effekt på vaksne individ, men Natria/insektskonsentrat som punktsprøyting (dvs. kun sprøyting på lusetoppane) kan vera aktuelt om ein oppdagar angrep tidleg. Sjekk Plantevernplanen for dosering etc. Nyttedyra våre som marihøner og gulløyser vil også redusere skadane.

## Tolking RIMpro-varsel for epleskurv

RIMpro er eit kombinert varslings- og simuleringsprogram for m.a. epleskurv. Følg med på [Varslingsmodeller og skadetterskler - VIPSWeb \(vips-landbruk.no\)](https://vips-landbruk.no). Me er no ferdige med askospore-sesongen. Har ein fått følgt opp epleskurven godt med sprøytingar, kan ein rette fokus på andre ting framover. Finn ein derimot epleskurv på kart eller bladverk, må en fortsetja skurvkapten framover.

## Konidiesporar

Konidiesporane er eit anna stadie av epleskurvsoppen. Spreiinga skjer også her ved fuktigkeit, men her er det lokalt det blir smitta vidare på kart og bladverk. Har ein bladverk med skurvflekkar vil desse ha konidiesporar som spreier seg med vassprut. Tidspunktet for skurvsprøyting finn ein ved å gå inn på «Scab Secondary». Når faregraden går oppover mot «Moderat infection risk» bør ein sprøyte førebyggjande. Det kan også brukast Natron eller bakepulver som kan hindre sotepler og øyeflekk som bla danske økodyrkjarar har utfordring med.



Bilete 1 skjermdump frå RIMpro. Det kan sjå ut som regnet som kjem i 12.-13. juli kan medføre fare for infeksjon på frukt og nye blad. Det kan være ein fordel å sprøyte forebyggjande før regnet om ein har eit skurvproblem.

### **Tiltak mot epleskurv:**

- ✓ Thiovit Jet; 300-450 g/daa.
- ✓ Bakepulver; 750 g/daa. Brukast etter skurvinfeksjon, men før infeksjonen rekk å vekse inn i blada. Tida dette tek vil varier med temperaturen, men ofte er det for seint etter 30 timer.
- ✓ Natron; 500 g/daa. Kan oppstå sviskadar om det tørkar seint opp.

### **Tynning**

For dei småfalne eplesortane 'Discovery', 'Rubinstep' og 'Katja', må det alltid brukast tid på tynning for å få opp storleiken. Ta vare på midtkarten sidan den stort sett er den største. I tillegg kan ein setje igjen ein sidekart om det er passe ansett på greina.

For 'Aroma' kan det være vanskeleg å setje igjen passe med avling. Tynnar ein for hardt vil det ofte medføre få og svært store eple. Her kan ein sein tynning i juli/august være aktuelt. Ser det ut til å bli store eple må ein fjerne dei største kartane, men då må ein skru dei av klasen. Dette er svært arbeidskrevjande og kan berre forsvarast i nyplantingar som ikkje kan ta så stor avlingsbelastning.